

LYKLING SOKNERÅD ÅRSMELDING 2024

Lykling sokneråd 2024:

Silje Eriksen Oldereide	leiar
Hildegunn Lodden Stautland	nestleiar
Sissel S. Gåsland	kasserar
Elisabeth Holme Knutsen	skrivar
Sverre Leon Larsen	styremedlem
Lillian Thorsen	styremedlem
Astri Sakseide	1. varamedlem, møter fast
Leif Steinar Sakseide	2. varamedlem
Marianne Steinsvåg	3. varamedlem
Silje Kristin Sele	4. varamedlem

Representant til fellesrådet:

Hildegunn Lodden Stautland

vara: Silje Eriksen Oldereide

Sverre Leon Larsen

vara: Lillian Thorsen

Andre very:

Tol-kontakt: Lillian Thorsen

Diakonikontakt: Astri Sakseide

Kimenkontakt: Silje Eriksen Oldereide og Hildegunn Stautland

Representant i Estlandkomiteen: Lillian Jensrud

Kontakt Kirkens Nødhjelp: Sissel S. Gåsland

Kyrkjekaffi: Lillian Thorsen

Kyrkjevertliste: Elisabeth Holme Knutsen

PC og lyd: Gaute Sele

Soknerådsarbeidet

- I 2024 hadde Lykling sokneråd 11 møter
- Soknerådet har ansvar for budsjett, rekneskap, tildeling av offer og årsmelding. Soknerådet har vidare ansvar for ulike tiltak for konfirmantane, gjennomføring av temakveldar og praktisk organisering av einsskilte spesielle gudstenester
- Årsmøte 2023 vart halde 8.april.
- KN Fastaksjonen 2024: bøsseinnsamling 19. mars
- Jubileumsgudsteneste i Moster Amfi – soknerådet stilte med vertskap
- Utpøving av tilbod med open kyrkje og lesestole for barn. Flotte tilbod, men dessverre få som har nytta seg av tilbodet med open kyrkje.
- Det blei kalla inn til første stormøte for alle sokneråda i kommunen. Nyttig og kjekt.
- Leiar og nestleiar deltek på møter med fellesrådet

Konfirmantarbeidet i soknerådet sin regi

Kimen: tilbod til konfirmantane på Lykling

- Alternativ konfirmantgudsteneste (kull 24)
Konfirmantgudstenesta vart halden 25. april
Konfirmantane fekk servert pizza mellom øving og gudstenesta. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med flotte festkaker.
Dei involverte var veldig fornøgde.
- Tur med dykkarklubben 7. september (kull 25)
- Grautfest med lysmesse 1. desember

Spesielle gudstenester

- Heilage tre kongers fest på Finnås bedehus søndag 14. januar
– kjekt arrangement
- Påskesong med Øystein Lund Olafsen – 24. mars i kyrkja
- Innsettingsgudsteneste av Laila Hansen Røksund i Bømlo kyrkje, 26. mai
- Kanaldagsgudsteneste ved Kulleseidkanalen, 1. september
- Julafta kl 16.00. Stappfullt!

Temakveldar

- Lykling kyrkje fekk besøk av Martha Gretha Knapskog, den 26. september. Det var dessverre få besøk på dette arrangementet, men det var også mange andre arrangement rundt omkring i kommunen denne kvelden
- Salmekveld, 30. oktober

Kyrkjebygget og drift

I mars blei venelaget for Lykling kyrkje konstituert. Venelaget har jobba med å få på plass midlar til ny varmpumpe i kyrkja og har også sett ned ei gruppe som har ansvar for vedlikehald på kyrkja.

Dei vil ta seg av vask og måling samt anna utvendig vedlikehald.

Årsmelding frå soknepresten for Lykling sokn - 2024

Kjære kyrkjelyd,

2024 har vore eit innhaldsrikt år for Lykling sokn. Gjennom heile året har vi saman feire gudstenester, døypt barn, konfirmert ungdom, velsigna ekteskap og teke avskil med kjære i gravferder. Vi har også engasjert oss i diakonale tiltak og kulturarbeid for å styrke fellesskapet og sjå kvarandre med kjærleik og omsorg.

Gudstenesteliv I løpet av året har vi halde 29 gudstenester, der 26 fann stad på søn- og heilagdag. Det samla deltakarantalet var 2 084. 14 av gudstenestene inkluderte nattverd, med totalt 356 nattverdsgjester. Vi hadde også spesielle gudstenester tilrettelagde for barn, konfirmantar og i høgtider som påske og jul.

Søndag 26. mai vart Laila Hansen Røksund innsett som sokneprest i ei høgtidsgudsteneste, eg ser fram til vidare teneste i soknet.

Kyrkjelege handlingar I 2024 vart 9 barn døypte i soknet, medan 9 ungdommar vart konfirmerte. Det vart halde 2 vigslar med 194 deltakarar, og vi har teke farvel med 9 personar i gravferder, der 877 møtte opp.

Diakoni og fellesskap Det diakonale arbeidet har vore ein viktig del av soknet sitt virke. Vi har hatt sorggruppe, besøksteneste og sjelesorgsamtalar. Me har vore ein del av det kommunale psykososiale kriseteamet.

Barne- og ungdomsarbeid Me har arrangert 15 samlingar med babysang, der 41 barn har delteke. Det har ikkje vore søndagsskule eller organiserte leiaropplæringskurs for ungdom. Likevel har vi sett stor glede i gudstenestene tilrettelagde for barn og unge.

Musikk og kultur Soknet har arrangert 2 konsertar og musikkandakter, der 189 personar har delteke. Me har og hatt 13 kveldar med open kyrkje.

Frivillig arbeid og innsamlingsarbeid 70 personar har bidrege frivillig i kyrkjelyden. Totalt har vi samla inn 117 386 kroner i offer, 4 300 kroner i givarteneste og 25 245 kroner gjennom andre innsamlingar.

Avslutning Vi ser tilbake på 2024 med takksemd for engasjementet og fellesskapet i Lykling sokn. Vi gler oss til eit nytt år med nye møtepunkt og tenester til Guds ære.

Med ynskje om Guds velsigning over det vidare arbeidet,

Laila Hansen Røksund Sokneprest i Lykling sokn 15.mars 2025

Rapport trusopplæring Lykling sokn 2024

Tolutvalg: Lillian Thorsen, Arild Selle og Hildegunn Andal.

Tiltak	
Dåpsmøte	Prestane har ansvar for dåpsmøter. Ein har felles samlingar for dåp i Bremnes, Lykling og Bømlo sokn. Asbjørn Gundersen og Laila H. Røksund har delt på å ha desse samlingane
Tru:D Babysong	16 samlingar 18 barn var innom arrangementet. Kjekke songstunder og mange koselige samtaler rundt lunsj bordet.
Tru:D1 Myldrekveld	Hadde ein myldrekveld i haust. Kom få barn. Ser at dette er ei aldersgruppe det er vanskeleg å få til å komma.(går i barnehagen og er slitne på denne tida?) Oppmøte 47% av dei døypte. På denne ativiteten er det behov for fleire hjelparar
Knøttekveld Tru:D 2-6	Denne samlinga har me ein gong i månaden. Me syng, høyrer bibelfortelling , harformingsaktivitet og leik. Har hatt 10 samlinger.
Tru:D3 Krøllekveld	Det er ei samling for 3-åringane på Krøllekveld. Me høyrer historia om sauene Krølle som gjekk seg vill. Alle fekk boka om Krølle. Det er også song og leik og formingsaktivitet. I døra på veg heim fekk borna med seg ein pose med popkorn laga som ein sau. Det kom 7 av 11 inviterte.
Tru:D4 4årsbok	4-åringane får Barnebibelen min – av Jarle Waldemar. Me inviterte til forsamling på knøttesamling. Det var samling med bibelforteljing og song og formingsaktivitet. Det kom 5 av 7 inviterte. Dette utgjør 71% av dei døypte. Søndagen var det gudsteneste med utdeling av Bibelen. Det var mykje folk i kyrkje. Veldig meiningsfullt og kjekt å samla så mange familiar i kyrkja!
Tru:D6 Barnebibel	Me inviterte 6-åringane til ei gudsteneste rett etter skulestart. 6-åringane fekk som i fjor Barnebibelen av Alf Kjetil Walgermo. Fint å kunne gje barna ein stor flott bibel .Denne bibelen har illustrasjonar som fengjer barn i denne aldersgruppa. Det kom 6 barn av 10 inviterte. Dette utgjør 60% av dei døypte.
Tru:D7 Påskedrama	Me hadde påskevandring for 7-åringane ein ettermiddag i mars. Fint å få formidla påskehistoria til 7-åringane. Me hadde også påskeverkstad der barna fekk laga diverse påskepynt. Det kom 5 av 9 inviterte. Dette utgjør 56% av dei døypte.
Tru:D8 Aktivitetsdag	Aktivitetsdag i Lykling kyrkje for barn frå Bømlo, Lykling og Moster sokn. Aktivitetsdagen er på ein dag det er planleggingsdag i skulen. Me

	inviterer til samling i kyrkja kl. 09.00-14.00 Det er mange ulike aktivitetar både inne og ute. Tema for aktivitetdagen: Gud skapar – me lagar!
Tru:D10 Jubileum for dåp	Dette tiltaket er lagt opp som ei bursdagsfeiring med pølsefest, kake med lys og ulike bursdagsleikar. Temaet er dåpen.
Tru:D12 Aktivitetsfestival	Me inviterte til felles aktivitetsfestival på Solgry ein ettermiddag i juni for alle sokna. På Solgry hadde me bibelsamling, pølse med brød og mange aktivitetar ute. Me leigde berre uteområdet med kanopadling, minigolf, gokart m.m. Barna som var med gav uttrykk for at dette hadde vore ein kjekk ettermiddag.
Tru:D14 Innskriving konf.	Me hadde informasjonsmøte om neste års konfirmantår i mars.
Tru:D15 Konfirmasjon	Konfirmant 2024 Me starta konfirmantåret med konfirmantleir: Me reiste til Jærgårds på Klepp. Dette var eit fint opplegg. Samlingane gjennom konfirmantåret har me veksla på ettermiddagssamlingar og samlingar laurdagar. Fint å gjera dette slik. Me opplever at konfirmantane kan vera noko trøytt og uopplagde rett etter skuletid. Då er det fint å ha nokre samlingar laurdagsføremiddagar.
Tru:D16 Fjorårskonfirmant	Samling med pizza og prat om utdanningsplanar. (Møte fant stad i Bremnes kyrkje)
Tru:D17 Londontur	Me hadde ein flott tur til London med 50 ungdomar. Me budde to stader, og hadde med 7 vaksne – 6 frå staben – og ei frivillig. Mange fine opplevingar i flott sommarvêr. Me var blant anna på Evensong i St. Pauls, besøkte Kfuk-hjemmet, var på musikal og på gudsteneste i HTB. Mange fine samtalar og stunder saman med 17-åringane

Samlingar i trus opplæringa i Lykling sokn samlar mange barn, og me kjem også i kontakt med mange foreldre/føresette/besteforeldre. Me ser at det er behov for fleire frivillige i dette arbeidet.

Hildegunn Andal
- kyrkjelydspedagog -